


Aasen i dag
Det er ikkje alt nytt, som er nyst funnet.



Tilskippingar

Voss Bibliotek

Strikk og lytt i biblioteket i kveld. Språkkafé fredag før-middag.

Jentejazz

med ei rekkje lokale artistar torsdag kveld i Osasalen.

Røde Kors Voss

Loppemarknad i Røde Kors-huset laurdag.

Handballkampar

Voss-Bjørnar, kvinner 3. divisjon, laurdag i Voss idretts-hall. Sundag kampar i aldersfastlagde klassar.

Voss Jazzklubb

Do Lado i Osasalen laurdag kveld.

Konsert

med Jens Andersson på Tre Brør laurdag kveld.

Sivle-laget

Seminar og årsmøte laurdag og søndag på Fretheim Hotell, Flåm.

T7-dag

Borna sin påskefest søndag i Vinje kyrkje.

Voss utferdslag

går turen Nosi-Tverrbotn-ten søndag.

Møte

Voss formannskap

har møte torsdag i møterom Traa i Tinghuset.

Eldrerådet

har møte på Hagahaugen torsdag.

Voss Folkemuseum

Sofie Torlei Olsen held foredrag om Ekstremsportveko torsdag kveld.

Holbygdi Grunneigarlag

Årsmøte torsdag kveld i Solhall.

Bordalen og Kvitli

Grunneigarlag og beitelag har årsmøte torsdag kveld på Rongastova.

Frelsesarmeen

«Over dei 60» fredag ettermiddag.

Vossestrand Bygdesag

Årsmøte fredag kveld på Vossestølen.

Vonheim

Felleskyrkjelege bønemøte laurdagar på førermiddagen i april.

Feiande flott latino med elegant stryk

Alle som elsker latinrytmar og vågar sleppa hoftene laus kan berre gle seg til laurdagsnatta på Vossa Jazz.

Mambo Compañeros med Trondheimsolistene: Clasicos Recuerdos

Då Kåre Kolve kom til Vossa Jazz med nyskriven musikk, hadde han brukt mykje av etterjolsvinteren på å arrangera Mambo Compañeros sin svingande vellyd for strykarane i Trondheimsolistene. Resultatet kom seinare på året med albumet Clasicos Recuerdos – Klassiske minne, som òg markerte 20 år med det utan tvil beste salsabandet i landet.

Kåre Kolve har vore med sidan starten i det åtte mann store bandet. Alle spora på albumet er bandet sine versjonar av kjende latino-låtar, men arrangementa er gjort av pianist Morten Huuse, bassist Kjetil Sandnes og trommis magnus Forsberg i tillegg til Kolve.

Trondheimsolistene er eit kammerorkester med 11 musikarar fordelt på 1. fiolin, 2. fiolin, bratsj og cello. Oreksteret høyrer heime å aller øvste hylla her heime, og dei har ingen vanskar med å tileigna seg latinomusikken sine spesielle fraseringar og harmoniar. Og dei har heller ingen problem med å smelta saumlaust saman med Mambo-kameratane si stilsikre handtering av musikken. Og dei klassiske sviskene vert ikkje akkurat mindre sviskete av at ein har vokalistar som meistrar det lingvistiske fullt ut. Luison Medina Capote og Alexander Fernandez tek seg av hovudvokalen, medan Huuse, Sandnes og Kolve er med



NY PLATE: Mambo Companeros med Trondheimsolistene og Kåre Kolve.

på koringa. Dei to siste i bandet er Morten Schrøder (trompet og flygelhorn) og Bjørnar Søreng (timbales, bongos og tambora). 1. fiolinist Anders Larsen er musikalsk leiar for Trondheimsolistene, der Vossa Jazz- og Osafes-

tivalkjenningen Bergmund Waal Skaslien er bratsjist. Det er han saman med vaksdal-jenta Karoline Vik Hegge.

Diverre er ikkje Trondheimsolistene med på lasset til Vossa Jazz, men uansett: her vert det


fest og feiande viril musikk natta til endes. Det er berre å sko seg godt.

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no

Nytt namn og nytt album

ALBUM: Rosseklovkleppen er historie. No er det Bogue Chitto som rular, og det så det held.

Bogue Chitto: Reds Lounge



Energisk, nesten manisk drivande, eller mørke seige groovar som grev seg inn under huden på deg. Gitarist og vossing Marius Hirth Klovning, bassist og bøhering Mattis Kleppen og trommeslagar og hallingdøl Are Rosseland er på vegen att med nytt album. Og med nytt

namn. Men musikken er minst like tøff, kantete og røft innsmi-grande som før. Trioen dreg med seg inspirasjon frå allslags obskure kantar av verda, hiver dei i miksaren – og ut kjem eit skikkeleg musikalsk høgtrykk. Herleg upretensjøs og lukkeleg. Dette er rein musikk for pengane.

Trioen lever og leverer under mottoet ein for alle, alle for ein. Alt er lov, så lenge dei held det innanfor trioens sine skakke vegger. Det held i massevis. Vert du ikkje glad av dette, hjelper det neppe å stå i reseptkø for å henta ut psykofarmaka. Musikken til

Bogue Chitto er nok både sunnare og meir lukkebringande i lengda.

Musikken er sjølvskriven, og når du ser namnet på låtane er det ikkje vanskeleg å sjå at Marius har hatt meir enn ein finger med i spelet. Andrelåten heiter rett og slett Voss, men du finn òg lett forståelege titlar som Oppskåk og Mølster. At Oppskåk kjem rett etter Voss er vel heller ikkje så overraskande? Heller ikkje det faktum at medan Voss har sine lange leine melodili(n)er, er Oppskåk ein spretttert av dei sjeldne – så lenge det varer.

Mellomspel er ein langleikinspi-rert låt, medan tittelsporet Reds lounge er sjøve konsentratet av Bogue Chitto-filosfien. At denne så går rett over i den langsame og vakre Jansenvalsen, fortel litt om spennvidda til desse karane.

Bogue Chitto er tre drivande dyktige musikarar, men kollekti- vet er likevel den store styrken. At musikarane høyrer heime i ulike generasjonar er ikkje sjene-rande tydeleg. Her er det moro på tvers av alder og opphav.

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no

Kulturbeite

Har du eit arrangement som bør i kulturbeite? Send oss melding på e-post: redaksjon@avisa-hordaland.no

MARS

28. Gammaldans i Hallen. Tilskapar: Voss Ungomslag og Voss Spelemannslag.

29. Senioruniversitetet. Statsmeteorolog John Smits:

Ekstremvær.

29. To rustne herrer: Hvis helsa holder. Jonas Fjeld og Ole Paus i Voss kulturhus.

30. Voss folkemuseum, Mølster. Foredrag om ekstremsport, ved

Sofie Torlei Olsen

APRIL

1. Kunstvandring Voss i 19, Uttrå-gata 19.

1. Jens Andersson m/band spelar på

Tre Brør.

3. Sentrums-Treff i Kafé Kveik sine møtelokale, Vangsgt 46. Bent Daltveit.

4. Voss Swingklubb dansar i Ungdomshallen.